



Leiar for valet, Geir Mogren, og hans stab ynskjer velkomen til førehandsrøysting i Uskedal skule tysdag i denne veka frå kl. 16. (Arkivfoto 2017)

Det er lagt opp til førehandsrøysting i Uskedal skule tysdag i denne veka, frå kl 16.00 til kl. 19.00. Sidan Uskedal ikkje er eigen røystekrins lenger, vert alle oppmoda om å nytta seg tilbodet om å røysta lokalt. Røystinga gjeld både til Fylkestinget og til Kommunestyret. Alt frå 12. august har det vore forhandsrøysting i Rådhuset og på Biblioteket, Husnes.

Alle som har motteke Valkort, har røysterett. På valdagane 8. og 9. september må du røysta i den kommunen du er registrert og busett per 30. juni 2019. Fram til 6. september kan du røysta i kva kommune som helst.

Hugs at du tek med legitimasjon og valkortet når du røystar. Dersom du ynskjer å røysta tysdag i denne veka, så er røystelokale i Uskedal skule. Sjå skilting. For fire år sidan var plassen i inngangspartiet til Aktivitetshuset.

For dei som ikkje har røysta før, vert det høve til å stilla spørsmål og få rettleiing.

Godt val !

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal